

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Mars 1992

46. årg.



JESUS LEVER, GRAVI BRAST !

Jesus lever, gravi brast!
han sto opp med guddomsvelde.
Trøysti står som fjellet fast:
Kristi strid og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever,
gravi brast og Jesus lever.

Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde:
Krist or gravi utgang fann
og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!

Palmesøndagsjubel med bismak

Då eg var barn og i småskulen kvar påske hørde om Jesu inntog i Jerusalem, var det heile så enkelt. Jesus var helten min, og eg visste han ville vinna mot alle fiendane sine. Eg var på lag med han. Palmesundag var ein jubeldag fordi Jesus ville sigra. Eg var opprørt over at somme menneske kunne vera så grusame at dei krossfeste Jesus. Like eins var eg skuffa over at ingen av venene hans våga å vedkjenna seg han. Men Jesus vann trass alt, og palmesundag var ein jubeldag. Jubelen har fått ein bismak med åra. Det var ikkje så enkelt likevel.

Eg har sett at Jesu inntog i Jerusalem er Jesu inntog i ditt og mitt liv. Og eg har sett at det ikkje er så stor skilnad på den velkomsten han fekk i Jerusalem og den han får hjå meg. Eg har, som så mange andre, eit ønske om å hylla Jesus. Eg ønskjer å stå ved sida hans og kjempa for hans sak. Men eg opplever at eg er like ustø som folket i Jerusalem. I den eine augneblinken kan eg syngja: Hosianna i det høgste, og i den neste forbanna. eller i

alle fall svarta menneske som er skapte i hans bilete. Og eg veit at eg ikkje åleine om denne opplevinga.

Men når eg erkjenner at det like godt kunne vore eg som den eine dagen ropa hosianna og den neste krossfest, krossfest, vert det endå meir fantastisk å tenkja på det som hende i påska.

Dersom ikkje Jesu død var for oss, ville det berre vera ein rettferdig i Jerusalem og i resten av verda. Og då ville palmesundag berre ha ein beisk bismak av svik og likesæle, fiendskap og mord, og eg kunne ikkje fri meg frå ansvar. "Sanneleg, sanneleg det seier eg dykk: Fell ikkje kveite-kornet i jorda og døyr, er og vert det berre eit korn. Men døyr det, gjev det stor grøde." (Joh. 12,24) Jesus vart den gongen ført ut av byen for å døy. Men han møtte læresveinane sine att inne i byen. Og Jerusalem vart utgangspunktet for noko heilt nytt.

Må den oppstadne få møta oss denne påska, slik at det på trass av nederlag og svik skjer noko nytt i våre liv. Noko som driv oss ut med nytt frimod og i vissa om at hans siger er vår siger, ikkje fordi vi er på lag med Jesus, men fordi han er på lag med oss.

res. kap Morten Lystrup



RONALD FANGEN (1895 - 1946)

Du sviktet aldri

1 Du sviktet aldri, Herre Krist - du sviktet ei - selv når ditt svar på all min bønn var nei og nei. For når jeg skalv i uro, angst, og gråt i nød, da kom du med din fred, kjøpt i din død.

2 Ja, Herre, det var godt i nattens spente gru å se ditt kors. Å, brystet åndet ut: det var jo du som engang gråt og svedet angstens sved - og det var du som bad om skånsel da du led.

3 Å Herre Jesus, det var du som ble forrådt, med torner kronet, narrekledd og blodig slått. Og da de naglet deg til korsets, skammens tre, da var du bare avmakt, kval og ynke å se.

4 Da spottet de og ropte: Frelser, frels deg selv! Forlat ditt kors! Krev hjelp fra dette sorte himmelhvelv! Men da, i mørkefyrstens avgrunnstype natt, var du, Guds egen sønn, av Gud forlatt.

5 Da var du gitt den stengte himmels verden helt til pris. Men enda lovet du en røver åpen vei til Paradis! Og kongelig befridd for hevners tørst og nag og hat, var det i selve dødens stund for hødlene du bad.

6 Du, frelsesfyrste, konge, til korset naglet fast - å, aldri seiret livet slik som da ditt hjerte brast. Da skalv de, mørkemaktene, rådløst i avmaktens gys - hvor skulle de vel skjule seg for påskemorgens lys?

7 Ja, når mitt spente, pinte sinn ser deg i nattens nød, da viker angsten for den fred du kjøpte i din død. Da vet jeg at det er en Gud, og at han er min far. Om han er skjult, så er han nær. Og jeg skal få hans svar.

8 Du, Herre, er det sikre pant: Du er det klare bud fra fram som ingen her kan se: den lysomspente, skjulte Gud. Deg ser vi, Herre. Og jeg vet: ved slutten av min vei, når dette hjertes uro dør, - da skal jeg møte deg.

PÅSKEDAG HEILE ÅRET

Kvar sundag er ein påskedag! Medan jødane hadde sin sabbat på laurdag, tok dei kristne til med sundagen som sin gudstenestedag. Det var fordi Jesus stod opp av grava ein sundag morgon.

Når vi samlast i Guds hus, kjem vi for å lovsyngja han som vann over synd og død.

Vi kjem ikkje til kyrkje berre for å få noko sjølv. Vi kjem for å gi Herren ære og pris og takk. "Påskemorgon slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid. Den har oss givet lyset og livet, lyset og livet i dagning blid."

Kjell Arne Norum

JUBELÅR FOR MISJONEN

Den eldste norske misjonsorganisasjonen (NMS), vart skipa for 150 år sidan. I 1884 sende organisasjonen ut sin første misjonær. Sidan den tid har NMS sendt ut nærare 3 tusen misjonærer. I 1992 skal misjonen på dagsorden for det breie lag av Noregs folk. Vi kjem til å leggja merke til at NMS vil "vidare med det viktigaste". Feiringa føregår heile året, men den store jubileumsfesten vert i Stavanger 7.-9. august. (KPK)

KONFIRMANTKORT

Norges Kristelige Student- og skole- ungdomslag har i år kome ut med ein ny serie konfirmantkort. Desse kan kjøpast på våre distriktskontorer - Kalfarveien 8, Bergen - eller ved å ta kontakt med distriktskontoret i Stavanger. tlf. 04 535515.

Adresse: Pedersgate 26, 4013 Stavanger. Det er studentlaget i Stavanger som står for distribusjon av korta.

Det er 6 ulike motiv på korta som kostar 10 kr pr. stk. Det er vakre fargebilette på dei og gode bibelvers. Korta kan godt brukast til andre enn konfirmantar. Du kan skriva eller ringa og be om ei brosjyre.



En hilsen
til deg

Alle som tok
imot ham,
dem gav han
rett til å bli
Guds barn -
de som tror
på hans navn.

Joh. 1.12.

PASKEMØTE - SOTRAHEIMEN.

VEL MØTT TIL PASKEMØTE PÅ SOTRAHEIMEN
I TIDA 15. - 20. APRIL.

TALARAR BLIR: MISJONER FRÅ BANGLADESH
SIGMUND SIGERSETH OG
KRINSSEKRETER INGVAR HAGEBERG

NERARE OPPLYSNINGAR OG PROGRAM KAN
EIN FÅ VED Å VENDE SEG TIL KRINSKONTORET,
TLF. 31. 60. 90.



125 ÅR

Den norske Santalmisjon 1867-1992

Plan for dåpsopplæring

Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja har vedteke ein viktig plan for dåpsopplæringa. Formålet med planen er at foreldra, fadrane og kyrkjelyden skal få betre hjelp til å fylgja opp løftet ved døypefonten. Dåpen forpliktar oss. Ved sidan av den kristne oppsedinga i heimen vert det óg forventa at borna tek del i opplæringsprogrammet i kyrkjelyden og i kristendomsundervisninga. Den nye planen tek føre seg kva ein kan gjera for borna frå 0 - 14 år.

NOKRE ORD OM DÅPEN

I dåpen tok livet saman med Kristus til. Om du er døypt, har du difor fått ei stor gåve. Har du teke vare på denne gåva? Ein gong vart du teken imot. Ferdast du framleis med Kristus? Kor fint det er når nokon vil seia: "Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag. Gud, lat den samferd vara alt til min døyand dag."

Jesus seier: "den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort."

I salmeboka står det slik:

"Han som møtte deg i dåpen,
kallar deg på nytt til seg.

I sin kjærlighet og nåde
vil din Gud velsigne deg."

Kjell Arne Norum

Kvar er Norsk Gideon?

Det er ei felleskristen lekmannsrørsle av forretningsmenn og menn i leiande stillingar med ei personleg tru, og som kjem frå dei fleste kyrkjer og samfunn. Dei deler ut testamente på sjukehus, hotell, fengsel, skular, fly og skip. Dei ynskjer å vinna andre menneske for Kristus. Vil du vita meir kan du skricva til: Norsk Gideon, Boks 6511, Rodeløkka, 0501 Oslo.

Gamle alvorsord til mor

A, mor - du må ta i din favn dine små og lære dem veien til Himlen å gå, men endelig ført denne veien selv betred, for der hvor du går, følger barnet ditt med.

A, mor - husk å be med og for dine små at en gang du sammen med dem kan få stå for Tronen med glede og si slikt et ord: - Her er jeg og dem som Du gav meg på jord!

Ja, se på den vesle du har på ditt fang, hvor skal den mon være en evighet lang? I pine og i gråt? - Eller glede så stor? A, mor - på deg selv det jo meget beror!

Du mamma, hva gagner det vel dine små, om hele vår verden du her lot dem få, når sjelen tok skade og barnet for vill? Da ville du ønske du ikke var til.

Om morgenen når de blir vekket av deg, når ute på marken, på gater, på vei, om kvelden når de skal i sengen igjen - tal til dem om Jesus, vår trofaste venn!

Tal til de små som du har i ditt skjød om VENNEN som døde og Blodet utgjød. Tal til dem og lær dem i bønn og i sang om VENNEN som for dem på Golgata hang.

Jeg vet mangen mor som det slett ikke gjør, men kjære begynn nå! Om hastig du dør la barnet ei stå ved din grav med de ord: - Vår mamma ei lærte oss gudsfrykt på jord!

Du mor - vit at intet av alt du har kjær som barna mere verd og dyrebar er! Med Blod er de kjøpt og fra døden oppstår, og evig de lever, når allting forgår.

TAKK

Kyrkjeleg fellesråd i Vaksdal vil med denne rosa retta ei stor takk til Reidun Takvam og takka for det arbeidet ho har lagt ned i bladet den tid ho har vore bladstyrar.



Kva er alment skriftemål?

No i fastetida fram til og med langfredag har eg sett opp alment skriftemål ved dei aller fleste gudstenestene som eg forrettar ved ein halv time før kvar gudsteneste.

Dette tillegget høver godt med fastetida sine gudstenester. Fastetida ber preg av bot, bøn og syndsvedkjening som ei førebuing til Jesu Kristi lidning og død på krøssen. Før desse almene skriftemåla finn stad, kan kven som helst ta kontakt med meg eller ein annan kristen som ein har tillit til og ha samtalar på tomannshand. Det kan vera godt å få snakka ut om problem og synd-er som ein ikkje rår med. Det kan gje ei lette og ei hjelp til ein ny start på livet. Slike samtalar får då preg av privat skriftemål der ein vedkjenner seg syndene sine privat i samtalen. Vi prestar har teieplikt om det som ein vedkjenner seg i slike samtalar.

Annleis er det med det almene skriftemål som finn stad ein halv time før vanleg gudsteneste-tid. Det er då ikkje meininga at ein skal stå fram offentleg midt under samlinga i kyrkja å vedkjenna for heile kyrkjelyden alle sine synder. For det vil vera for hardt og krevjande for dei aller fleste. Men i innlei-inga til det almene skriftemålet skal ein i ei stille sjølvprø-ving gjera opp i ro framfor Guds åsyn i stille bøn dei syndene som tyngjer.

Hovudsaka i denne stille synd-svedkjeninga er tilgjevinga. Ved dette høvet seier presten til alle: „Lat oss høyra kva den oppstadne Herren seier til lære-sveinane sine: Ta i mot Den Heil-age Ande. Tilgjev de nokon synd-ene deira, er dei tilgjevne. Held de dei att for nokon, er det att-haldne." Deretter held presten fram med å seia: „Kom no fram til Herrens altar, og ta i mot til-segna om tilgjeving frå Gud for

alle dine synder." Då går den som vil av kyrkjelyden fram og kneler på altarringen. Dei som kneler, skal ikkje seia noko, men presten seier til kvar ein-skild som kneler: „Etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod tilgjev eg deg alle dine synd-er, i namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande." Under sjølve denne tilseiinga av Guds syndstilgjeving legg han handa si på hovudet på kvar enkelt i tur og orden.

Når presten har gått heile runden innanfor altarringen, seier han til dei som ligg på kne rundt altarringen: „Han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullføra henne - heilt til Jesu Kristi dag. Fred vere med dykk!" Etter dette reiser alle ved altarringen seg og går ned att til plass-ane sine i kyrkjebenkene.

Det almene skriftemålet vert avslutta med Herrens bøn og salmesong.

Dette vil eg tilrå alle å prøva dersom de kjenner på at det er noko vondt og vanskeleg som de ber på. For Jesus Kristus seier: „Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!" (Matt. 11, 28.)

Venleg helsing
Inge Christian Meidell,
sokneprest.



Nytt frå sokneråda

Nytt frå Vaksdal Sokneråd:Kyrkjebenkane

i Vaksdal kyrkje er no blitt betre. Den vesle skarpe kanten øvst i ryggen er borte. Ein dugnadsgjeng med pensjonistar har ordna opp.

Ofringane

Det er høve til å ta inntil 10% av ofringane i kyrkja til kyrkje-lyden sjølv. Dette har ikkje vore gjort på Vaksdal. No har sokne-rådet vedteke at 5% av ofringane skal gå til soknerådet si kasse.

Diakonigruppe er danna

Ei gruppe på tre personar er danna i kyrkjelyden for å hjelpa menneske med ein vanskeleg livs-situasjon. Det kan vera slitne småbarnsforeldre, einsomme eldre eller andre menneske med prak-tiske og sosiale problem. Diakonigruppa er inga ekspert-gruppe. Men dei ønskjer å ha eit lyttande øyre og å freista å gje praktisk hjelp. Dei har teieplikt. Josef Steinsbø, Kari Eilifsen og Tove Margrethe Nordmark er med i diakonigruppa. Om nokon vil ta kontakt, kan dei gjera det direkte eller gjennom preste-kontoret på Vaksdal.

Nytt frå Stamnes Sokneråd

Olav Gammersvik er tilsett som klokkar i Stamnes Kyrkje og vart innsett i stillinga under guds-tenesta søndag 1. mars av reskap. Kjell Arne Norum.

Soknerådet er glad for at nokon vil ta på seg denne oppgåva, og me ynskjer Olav lukka og signing i arbeidet. Me vil og nytta høve å takka Trygve Kallestad for lang og tru teneste som klokkar og kyrkjeverje i Stamnes.

Då det no skal tilsetjast kyrkje-verje for heile kommunen, vil dei lokale kyrkjeverjene verta fri-tekne for arbeidet med tilsyn med kyrkjebygg og gravplassar.

Stamnes gravplass.

Planar og teikningar for ferdig-gjering av Stamnes Gravplass er no til godkjening hjå dei kyrkje-lege instansar. Når me får god-kjenning tilbake frå Kyrkjegards-konsulenten kan arbeidet starta opp. Arbeidet har vore utlyst på anbod og anleggsgartnar Rolf Vaglid A/S, gav rimelegaste til-bodet, totalt på kr. 528.200,-.

Vindaugo i Stamnes kyrkje

Eit stort arbeid er gjort med vindaugo i Stamnes Kyrkje. Alle vindusrutene vart tekne ut og jarnsrossene pussa, grunna og malt. Riksantikvaren godkjende plan og teikningar for isolering av vindaugo ved firmaet Plus Vest A/S i Bergen. Firmaet har vore i Firmaet har arbeidet i gang, men har ikkje halde avtalen når det gjeld tid for ferdiggjering.

GREIER DU 10 RETTE?



	1	2
1		
2		
3		
4		
5		
6		
7		
8		
9		
10		

1) Kva er Getsemane?
1) ein by
X) ein sjø nær Genesaret
2) ein olivenhage

2) Kven var med Jesus til Getsemane?
1) Judas
X) læresveinane
2) Han var åleine.

3) Kva gjorde Jesus der?
1) plukka blomar
X) naut det vakre utsynet
2) ba til Gud

4) Jesus sa: "Far, ta dette begeret frå meg".
Kva tyder det?
1) Eg liker ikkje drikkekruset mitt
X) Skulle ynskja eg slapp å vaska opp
2) La meg sleppa å døy på krossen. Ta den vansken frå meg.

5) Korleis kan vi vita at Jesus grudde seg for det han skulle gå igjennom?
1) Han grei
x) Han var så redd for å døy, at sveitten rann som bloddråpar.
2) Han fekk mageknip og vondt i hovudet.

6) Kva sa Jesus til sist?
1) Lat viljen din råda, ikkje min.
X) Fader vår, du som er i himmelen.

7) Eg trur eg stikk av.

7) Kven kom og sette mod i Jesus?
1) læresveinane
X) mor hans
2) ein engel

8) Kva for utsegn er rett, trur du?
1) Jesus trong ikkje grue seg. Guds Son fiksar då alt.
X) Jesus var òg eit menneske. Han kunne grue seg nett slik som du og eg.
2) Jesus var ein feiging.

9) Jesus hadde trengt til at vennene hans stødde han. Men kva gjorde læresveinane den natta?
1) Dei sov.
X) Dei ba for Jesus
3) Dei spela Yatzy.

10) Vi kan og stundom ha det vanskeleg. Kva er det lurt å tenkja då?
1) Eg gir opp.
X) Ingen bryr seg om meg og mine vanskar.
2) Eg kan snakka med nokon eg kan lita på. Og eg kan be til Gud. Han vil høyra på meg og styrkja meg.

Av Synnøve Frogner

Frå Barnas Søndagsblad

Svara på konkurransen finn de på side 10

EIN KRISTEN TENESTEKLUBB

Ein del av landet sine 625 kyrkjelydar er, åleine eller saman med andre nabokyrkjelydar, knytta til Y's Men's Club (uttalast: Vais mens kløb). I Noreg er det i dag 73 slike klubbar, og omlag 80% av desse utfører tenester for lokalkyrkjelydane. Klubbane støttar barne/ungdomsarbeidet og utfører dugnadsarbeid på kyrkjelydshus o. l. Klubbane kan vera for menn og kvinner, eller reine kvinne/manns klubbar. Tykkjer du at din kyrkjelyd har trong for ein slik klubb kan du ta kontakt med soknepresten som vil gje deg nærare opplysingar.



VING-ARBEID

På Stanghelle er det nå starta opp VING-arbeid, det er eit barnearbeid innan Indremisjonen. Møta er på Stanghelle Bedehus annankvar måndag kl. 18.00. Innhaldet i møta er andakt, hobby song m.m.. Alder: 4.-6- klasse Første møte etter påske vert 27/4 og deretter: 11/5 og 25/5, før ferien.

Fader vår, du som er i himmelen

Gud
du er i himmelen
du er på jorda
du er når eg græt
når eg ler
når eg søv
når eg står opp

fjellet er høgt
Gud er høgare
havet er djupt
Gud er djupare
sola er lys
Gud er lysare

Gud
du er som pappa
eller mamma
når dei tek meg i handa
når vi går saman
på vegen

Skriven av Oskar Steln Bjørlykke.
Frå heftet "Fadervår", IKO-forlaget 1991.
Trykt med løyve.



STOFF TIL KYRKJEBLADET

SLÅ PÅ TRÅDEN ELLER SEND NOKRE MEG
NOKRE ORD OM DU HAR STOFF TIL
BLADET:

Frist for innlevering av stoff er
5. mai, og neste nr. kjem i veke
23, veka før pinse.

Helsing Ragnvald

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res.kap. Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Mobil tlf.: 090 - 02992

Hugs, måndag er presten
sin fridag!

KONTINGENT

Vedlagt i bladet vil de finna
ein postgiro som de kan nytta til
å betala kontingent for kyrkje-
bladet. Prisen er kr. 60.00 og me
vonar at flest mogeleg vil vera
med og støtta økonomien til kyrkje-
bladet på den måten. Dersom de også
i tillegg vil gje ei gåve til bla-
det er de velkomne til det. På
førehand takk.

HUSMØTE

Kvar måndag er det **kl. 19**
husmøte hjå Odd Alvheim,
Brekken 18, Stanghelle.
Alle er hjarteleg
velkomne

Svara på 10-rette:
2-x-2-2-x-1-2-x-1-2

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Postgiro: 0808 5723473
Bankgiro: 3500.50.13117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten
5273 Stanghelle.
Tlf. 595181

Kasserar: Asle Georg Karlsen
Boge, 5270 Vaksdal
tlf. 597232

Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05- 55 50 45
Retur til Øystese Trykkeri A/S
5610 Øystese

NEI TIL EF-lag er no skipa i
Vaksdal og Modalen. Medlemspengar
er kr. 150,- med medlemsbladet
"Standpunkt". Kr. 100,- for
husstandmedlemer - utan bladet.
Innmelding kan skje til ein av
Styremedlemene, eller direkte til
Skr. Ingunn Nummedal,
5280 Dalekvam, tlf. 59 61 83,
eller kasserar Aage Løvik,
5294 Eidslandet, tlf. 59 58 11,
eller ved å senda medlemspangane
til: Nei til Ef i Vaksdal og
Modalen, 5294 Eidslandet,
postgiro konto 0824 063 67 28.
Velkomen til innsats for ei
Viktig sak.
Styret.

SØNDAGSSKULESONGBOK I BLINDESKRIFT
I KABBNYTT nr. 1 1992 vert det
meldt at at Søndagsskulesongboka
endeleg er komen i blindeskrift.
IKO har vore ein viktig støtte-
spelar i arbeidet med boka. Boka
inneheld 251 songar.

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE

08.12 Silje Annie Helle Eikemo
25.12 Gøril Hernes
19.01 Hilde Utskott Birkeland
16.02 Tor André Tysse Bye
01.03 Endre Jamne Vik
01.03 Torben Meland Andersen
01.03 Sigrunn Dalen
15.03 Aina Hvidsten
15.03 Dani Steinsland Boge

STAMNES


01.03 Silje Holme

BERGSDALEN

02.02 Kristina Fagerbakke Fosse

VAKSDAL

25.12 Christian Jørgensen
09.02 Stian Herfindal Berg
23.02 Lene Haugland Rørvik



Avlidne



DALE

28.12 Lilly Kirsten Langhelle f.1941
02.01 Nils N.Langhelle f.1912
26.01 Monika Tysse f.1968
21.02 Alma Fotland f.1912

STAMNES

26.02 Oskar Elvik f.1908

EIDSLAND

17.01 Jakob Neset f.1920

EKSINGEDALEN


05.03 Ludvik Haugen f.1904

NESHEIM

17.02 Berta Ekse f.1909

VAKSDAL

06.12 Borghild Jamne, f. 1912
05.01 Anna Fossdal, f. 1906
24.02 Oddmund Faugstad, f. 1917
01.03 Johannes A. Boge, f. 1907




Vigde



VAKSDAL

21.12 Torleif Boge og
Andrea Therese Østebø



Nokon å snakka med

Prestane har teieplikt. Dersom
du treng nokon å snakka med, står vi
til disposisjon. Vi veit at mange
går og slit med vanskelege ting.
Ta kontakt dersom du trur at vi kan
hjelpa deg!

Prestane i Vaksdal

VELKOMEN TIL KYRKJE



12.april - Palmesøndag

NESHEIM kl.11.Fam.gudst.Meidell.Offer til Kirkens Nødhjelp.Innl.fastebøsser.

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsand.Norum.

VAKSDAL kl.19.Musikkandakt.

16.april - Skjærtorsdag

BERGSDALEN kl.10.Biskop Lønning og sp.Meidell.Offer til Norsk Misj.i øst.

EKSINGEDALEN kl.11.Norum.Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

DALE kl.18.30 Skriftemål. kl.19.gudst.Meidell.Nattverd.

17.april - Langfredag

VAKSDAL kl.10.30 Skriftemål. kl.11.gudst.Meidell.

STAMNES kl.11. Norum.Offer til Den Norske Israelmisjon.

STANGHELLE kl.18. Norum

19.april - 1.Påskedag

DALE kl.11. Norum.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

VAKSDAL kl.11.Meidell.Nattverd.Offer til Den norske Santalmisjon.

NESHEIM St.Markus Ungdomsklubb.

BERGSDALEN Kl.20.Birkeland Ungd.klubb.

20.april - 2.Påskedag

STAMNES kl.11.Meidell.Nattverd.Offer til Den norske Santalmisjon.

EKSINGEDALEN kl.11.Norum.Brød for verda - avslutning av innsamlingsaksjon.

26.april - 1.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11.Meidell.Nattverd. Offer til Den norske Santalmisjon.

NESHEIM Kl.11. Norum.Nattverd.

1.mai - offentleg høgtidsdag.

VAKSDAL kl.10. Norum.Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

DALE Kl.11. Meidell.Offer til Bedriftsmisjonen.

3.mai - 2.søndag etter pinse

DALE kl.11.Konf.gudst.Meidell.Offer til soknerådsarbeidet.

VAKSDAL kl.11.Konf.gudst.Norum.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

10.mai - 3.søndag etter påske

STAMNES Kl.11.Konf.gudst.Meidell. Offer til Fagertun leirstad.

EKSINGEDALEN kl.11.Norum.Nattverd. Offer til Amnesty International.

17.mai - Grunnlovsdagen

DALE kl.9.30 Fam.gudst.Norum.Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

VAKSDAL kl.9.30 Fam.gudst.Meidell. Offer til Bergen Søndagsskolekrets.

STAMENS kl.12.Fam.gudst.Norum.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

EIDSLAND kl.12.30 Fam.gudst.Meidell. Offer til Redd Barna.

24.mai - 5.søndag etter påske

BERGSDALEN kl.11. Norum.Nattverd. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

28.mai - Helgetorsdag

STAMNES kl.11. Vassbakkenstemna.

31.mai - 6.søndag etter påske

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd.